

Kontrollrapport for årsmøteperioden 2016-2017

Overordna vil komiteen rose styret for innsatsen dei har gjort ved å få i hamn 2017-konferansen trass i dei svært omfattande og krevjande tilleggsoppgåvane som underslagssaka har medført.

Samansetning og oppgåver

Kontrollutvalet sine medlem i 2016 – 2017 har vore Christina Pletten (Aftenposten), Gard Steiro (VG) og Heidi Molstad Andresen (Dagbladet), med sistnemte som leiar. Utvalet skal, jamfør vedtekten «avgi til årsmøtet en egen årsrapport om styrets forvaltning av sine oppgaver og stiftelsens økonomi». Utvalet har hatt tre møter, eit av dei saman med Rådet, og eit med styreleiringa. Me har elles hatt kontakt oss i mellom og med styreleiar, sekretariatsleiar og rådsleiar per epost og telefon. Utover dette har arbeidet skjedd gjennom dokumentkontroll.

Informasjonsflyt

Utvalet skal «fortløpende få tilsendt dokumenter som behandles av styret, referat fra styremøter og regnskapsrapporter. Årsberetning og regnskap skal sendes kontrollutvalget snarest og senest tre uker før årsmøtet.» Utvalet har berre unnataksvis fått tilsendt styrreferat og sakspapir. Utvalet minner om at det under ekstraordinære omstendigheter er spesielt viktig med god informasjonsflyt. Styreleiar og sekretariatsleiar har vore hjelpsame med oppdateringar når utvalet har bede om dette, men grunna den ekstraordinære økonomiske situasjonen stiftinga har stått i, har det av naturlege årsaker vore vanskeleg å framskaffe ei totaloversikt underves. Den store arbeidsmengda både på styret, sekretariatet og revisor har medført at årets årsberetning og revisorrapport ikkje var klare før nokre dagar før konferansen. Årets kontrollrapport er difor tilsvarende forseinka.

Det økonomiske kontrollarbeidet

Stiftinga har hatt eit svært krevjande år med underslagssaka og påfølgjande rekonstruksjons- og opprydningsarbeid. I dette arbeidet har både styret, dagleg leiar, rådet og revisor vore tungt inne. Kontrollutvalet har ikkje funne det korkje praktisk mogeleg eller tenleg å etterkontrollere arbeidet desse har gjort. Det er utvalet si vurdering at styret, i tillegg til det omfattande arbeidet dei har lagt ned sjølv, har sytt for ein solid gjennomgang av stiftinga sin økonomiske situasjon med innhenting av kompetanse utanfrå. Kontrollutvalet syner difor til styret si årsberetning, den reviderte rekneskapen og Rådet sin rapport om dugnaden for å tilføre stiftinga frisk kapital.

Internrutiner

Kontrollutvalet har i år sett på det som si primære oppgåve å etterga interne rutiner for og unngå at stiftinga hamnar i ein tilsvarende situasjon att. Det er på det reine at SKUP sin mangeårige praksis på dette området har hatt store svakheiter og hol, og at stiftinga aldri har hatt vasstette kontrollrutiner. Arbeidet har i stor grad vore tillitsbasert. Av vedtekne rutinar som ikkje har vore fulgt opp, er manglande dobbeltsignering på rekningar over 50 000, attestering av utgiftsrefusjon utan bilag og manglande HMS-rutiner som medarbeidarsamtaler med sekretariatsleiar.

Då det økonomiske misleghaldet vart oppdaga, tok styret tidleg grep og innførte fleire nye rutinar:

- Styret har innført dobbel kontroll av alle utbetalingar. Både styreleiar og nestleiar må godkjenne utbetalingar digitalt i Visma, uansett beløp.
- Visma har i praksis overteke alle betalingar i nettbanken. Styreleiar og nestleiar kan i nødstilfelle foreta betalingar, men då må desse attestera av begge. Fakturaer vert ikkje godkjent om dei manglar bilag.
- I tillegg har tre andre styremedlem (deriblant økonomiansvarleg) tilgang på systemet og kan når som helst gå inn og kontrollere postar og bilag. Systemet gjer det også enkelt å køyre ut rapportar og tabellar som syner den økonomiske situasjonen til ei kvar tid.

- Styret har i 2017 også teke i bruk akkrediteringssystemet Arkon.no som. Alle konferansedeltakarar må no førehandsbetale konferanseavgift og hotell med eige kredittkort. Styret har i tillegg inngått avtale om automatisk purring og inkasso med Visma/Azets, for fakturaer som blir sendt til andre samarbeidspartnarar.

Tilrådingar / spørsmål frå kontrollutvalet:

Utvalet oppmodar styret til å halde fram det gode arbeidet med å sikre ein stabil økonomi og innføring av gode kontrollrutinar. Med därlegare økonomi i mediehusa, meiner utvalet at ein også framover bør vera varsam med å bruke konferanseavgifta til å spe på inntektene. Historia syner at høge deltakartal ikkje garanterer ei god botnline. Høgare inntekter i form av auka deltakaravgift og støttemidlar er ikkje ei langsiktig løysing for å få ein stabil økonomi og sikre sunn eigenkapital.

- **Utvida attestasjonsrett:** Utvalet ser det som tenleg at attestasjonsretten utvidast til å omfatte både leiar, nestleiar, dagleg leiar og økonomiansvarleg, og at det innførast rutinar som gjer at ingen attesterer på sine eigne utgifter.
- **Digitalt arkiv:** Grunna personvernlova har ikkje styret hatt tilgang til tidlegare sekretariatsleiar sin epostkonto, der mellom anna inngåtte avtaler ligg. Utvalet tilrår at styret opprettar eit eige, digitalt arkiv der det vert lagra avtaler, epostar, referat, vedlegg og anna viktig materiale.
- **Økonomiansvarleg:** Arbeidsoppgåvene til økonomiansvarleg i styret har vore flytande. Utvalet tilrår at styret utarbeidar ein årsplan for økonomiansvarleg sine oppgåver, og at den økonomiansvarlege mellom anna har som fast rutine å utarbeide kvartalsrapportar til styret.
- **HMS-arbeid:** SKUP-styret ved styreleiar er dagleg leiar sin nærmeste overordna. Styret har med det HMS-ansvar ikt arbeidstid, arbeids- og oppfølgingsmøte, årlege medarbeidersamtalar osb. Utvalet oppmodar styret til å innføre gode system for å følgje opp dette ansvaret.
- **Organisasjonsform:** Styret sine oppgåver har auka svært i omfang sidan stiftinga vart oppretta. Utvalet ber årsmøtet vurdere å sjå på om dagens ordning med eit stort, arbeidande styre er den optimale arbeidsforma i ei stifting med så stor arbeidsmengde og pengeflyt. Kan det til dømes vera aktuelt å vurdere en arbeidsform lik den dei har i Nordiske Mediedager, med styre (7 pers), representantskap (6 pers) og ein eigen programkomite (12 pers)?
- **Stillingsbrøk, sekretariatet:** Styret bad årsmøtet om å auke stillinga i sekretariatet frå 60 til 100 prosent i 2009. Ein argumenterte då med at ein tilsett i heil stilling kunne utføre fleire tenester ein tidlegare hadde kjøpt eksternt, slik som sekretariat -og bookingtenester frå IJ og rekneskapsføring frå byrå. Vidareføringa av stillinga vart handsama av 2011-årsmøtet. Styret har no tilsett sekretariatsleiar i 50 prosent stilling fram til 1. desember. Utvalet oppmodar styret og årsmøtet til ein gjennomgang av sekretariatet si arbeidsmengde før ein fastset ny stillingsbrøk og lyser ut stillinga over nyttår.

Oslo, 28.03.2017

Christina Pletten

Gard Steiro

Heidi Molstad Andresen